

Følgerebrev – søknad om samtykke

Til: Arbeidstilsynet

Frå: Tokke kommune v/administrasjonen Teknisk etat

Dato: 10.03.2026

Beskrivelse av bruken som skal føregå i det ferdige tiltaket– rehabilitering og tilbygg på kommuneverkstaden

Bygget skal nyttast av Teknisk etat som er Uteavdeling og driftsoperatørar på vatn- og avløp (VA) som består av følgjande funksjonar:

- **Drift og vedlikehald av veg** – 3 tilsette
- **Driftsoperatørar vatn og avløp (VA)** – 4 tilsette
- **Vaktmeistarar** – 3 tilsette
- **Tilsynsvaktmeistarar (kveldstid)**– 2 tilsette
- **Tømrar-/snekkarar** – 3 tilsette
- **Uteanlegg/grøntanlegg** – 1 tilsett
- **Arbeidsleiar for reinhald og uteavdeling** – 2 tilsette
- **Lærlingar** – 2 tilsette

Totalt: 20 tilsette

Når tiltaket er ferdigstilt, vil bygget fungere som oppmøtestad der dei tilsette kan skifte mellom privat tøy og arbeidstøy og vaske/tørke arbeidstøy ved behov. Det blir etablert dame- og herregarderobar med rein/urein del og sluseløysning. Sluseløysinga skal brukast av dei som jobbar med vatn og avløp eller andre oppgåver der det kan oppstå ureining. Via dusj og sluse går ein vidare til rein garderobe, som skal nyttast av alle tilsette i uteavdeling og VA.

Den reine herregarderoben vil bli bruka av dei fire faste driftsoperatørane på VA og dei øvrige 15 tilsette i uteavdelinga. Urein herregarderobe blir brukt fast av dei fire driftsoperatørane på VA, medan den ureine damegarderobe blir brukt sporadisk av avdelingsingeniør på VA etter behov. Den reine damegarderobe blir brukt fast av ein tømrarlærling, og er planlagt slik at det er plass til fleire kvinner framover.

Mellom urein og rein del etablerast det barrierevaskemaskin.

Tørkeskap i garderobar.

I bygget vil det også bli felles matrom/pauserom for dei tilsette. Matrommet er dimensjonert for 17,8 personar, medan avdelinga totalt omfattar 20 tilsette. I praksis er dette tilstrekkeleg, sidan drifta er organisert slik at ein vesentleg del av personellet til ei kvar tid er ute i felt eller i andre bygg, og rommet står difor ikkje i fare for å bli fullt.

Det skal vere tre kontorplassar for arbeidsleiarane for Uteavdeling, VA og reinhald. I tillegg blir det ein felles arbeidsstasjon med PC som dei andre tilsette kan bruke ved behov til dokumentasjon, utskrifter og liknande - ikkje som fast kontorplass, men som ein delt ressurs.

Det blir etablert HC-WC samt bøttekott. Det blir også sett av eigna lagerareal for forbruksmateriell og utstyr.

Akustikk og belysning vil bli prosjektert og utført ihht krav. Nytt ventilasjonsanlegg blir etablert.